

## Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 12.11.2021

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok samrøystes å gjere sak RS 41/21 «Tilpassa opplæring i Vestland fylkeskommune» om til ei politisk sak og sette saka på sakslista.

**Trude Brosvik (Krf)** sette på vegner av Krf, A, H, Sp, FFO og SAFO fram slikt forslag:

«Tillegg:

RMNF er nøgd med dei verdiane som blir lagt til grunn i pkt 1 «Alle skal møta eit inkluderande læringsmiljø». Der viser ein ma til til opplæringslova som seier det RMNF lenge har vore oppteken av :

«Alle elevar har rett til å høyre til ein klasse/gruppe, jf. § 8-2 i opplæringslova.

Klassen/gruppa kan ikkje delast inn etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhøyr, jf. § 8-2 første ledd, andre punktum»

Vi går ut frå at det er det som blir vist til i kulepunkta i vedtaket som seier kva prinsipp tilpassa opplæring bygger på.

Vi er litt usikre på kva som ligg i formuleringa «auka læringsutbytte ved bruk av fleire fleksible og ulike relevante opplæringsarenaer», men reknar med at det for vår gruppe vil bety at dei søker seg inn i, og tilhøyrer ei vanleg klasse, men at deler av undervisinga kan vere i eit eige opplegg utanfor klassen, tilpassa dei utfordringane dei har for læring. Pkt 4 «Vurderingspraksis som fremjar læring og utvikling» må ikkje tolkast som om skulane likevel kan gå på tvers av prinsippa, og halde fram med spesialklassar.

Retten til å velje skule og fag må vere lik for alle elevar, uavhengig av fysisk eller psykisk funksjon.»

**Egil Bru Overaa (FFO)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Det er mer som tillegges tilpasset og universell undervisning som skal foregå i ordinær skole uten ekstra midler eller spesial-kompetanse. Dette fører til at man forventer mer av ordinær skole og lærerne. Det må da gjøres en evaluering om gap mellom forventning til lærere og ordinær skole og kompetanse som ordinær skole vi har. Hva må tilføres av kompetanse og ressurser?»

**Gunn Åmdal Mongstad (Sp)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

RMNF ynskjer tilbakemelding på korleis fylkeskommunen arbeider med kvalitetsoppfølging og sikrar at alle elevar får den opplæringa dei har krav på.»

### **Avrøysting**

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Åmdal Mongstad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Bru Overaa sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

RMNF er nøgd med dei verdiane som blir lagt til grunn i pkt. 1 «Alle skal møta eit inkluderande læringsmiljø». Der viser ein m.a. til opplæringslova som seier det RMNF lenge har vore oppteken av:

«Alle elevar har rett til å høyre til ein klasse/gruppe, jf. § 8-2 i opplæringslova. Klassen/gruppa kan ikkje delast inn etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhøyr, jf. § 8-2 første ledd, andre punktum»

Vi går ut frå at det er det som blir vist til i kulepunkta i vedtaket som seier kva prinsipp tilpassa opplæring bygger på.

Vi er litt usikre på kva som ligg i formuleringa «auka læringsutbytte ved bruk av fleire fleksible og ulike relevante opplæringsarenaer», men reknar med at det for vår gruppe vil bety at dei søker seg inn i, og tilhøyrar ei vanleg klasse, men at deler av undervisinga kan vere i eit eige opplegg utanfor

klassen, tilpassa dei utfordringane dei har for læring. Pkt. 4 «Vurderingspraksis som fremjar læring og utvikling» må ikkje tolkast som om skulane likevel kan gå på tvers av prinsippa, og halde fram med spesialklassar.

Retten til å velje skule og fag må vere lik for alle elevar, uavhengig av fysisk eller psykisk funksjon

Det er meir som tilføyast tilpassa og universell undervising som skal gå føre seg i ordinær skule utan ekstra midlar eller spesialkompetanse. Dette fører til at ein forventar meir av ordinær skule og lærarane. Det må da gjerast ein evaluering om gap mellom forventing til lærarar og ordinær skule og kompetanse som ordinær skule vi har. Kva må tilføres av kompetanse og ressursar?

RMNF ynskjer tilbakemelding på korleis fylkeskommunen arbeider med kvalitetsoppfølging og sikrar at alle elevar får den opplæringa dei har krav på.